


SONGHETTE
FOR SLEKTSTEMNE
ANDANES-SLEKTA
PINSA 4. JUNI 2006





S A M L E S O N G.

— Mel.: Dansen på Sunnanø. —

Å samlast er ei gledesak når vener kjem til ting
med hug som gjer vår samling til ein alltid open ring.
Slik blir ein gammel hesteko eit lykkelig symbol,
.../. velkomen inn, du nye ven. Her ventar deg ein stol. .../.

Du kjenner deg litt annaleis, - dei andre er så bra.
Men alle er vi annaleis, den kunnskap skal du ha.
For to kan ikkje skapast likt, på all vår vide jord,
.../. skilnad kan gjere livet rikt der gode tankar gror. .../.

Din tanke er den frie fugl som krev seg vengefang,
men lytt til grannens vengslag, og gi han same rang.
Slik Nordens svaner plogflyg i sitt fемdelte symbol
.../. pløyer vi same nordpolsluft i hardver som i sol. .../.

Vår lut av landet vitnar om at skilnad òg gjer sterk.
Frå øy til fjord og dal og fjell gjer folk sitt trugne verk.
Vår verksemd og vårt kjøpmannskap, vår jord, vårt rike hav,
.../. samla gir alt dei levekår som heimar veks fram av. .../.

Ei hyggestund er salebot for kvar dagstrøytte sinn.
Vi kjem så godt på talefot med frendar som vi finn.
Må då vårt bror- og søsterlag gi rike minne med
.../. inn i vår travle arbeidsdag og kvilestunders fred. .../.



SKRYTEVISE FOR SUNNMØRINGAR

Mel: "Jeg er havren..."

Ej e Møring, Ej he mykje peng'
Ej he vassmadrassedobbelseng
Sonen min er sjef i NRK
Døtra økonom frå NHH


Og e de kuling, kanskje storm frå nord
med ein dyster, grov og opprørt fjod
tek Ej berre kle og søvla på
og likevel så kan EJ oppreist gå

E du aust-i-frå det flate land
uten kondis, fjellvet og forstand
prøv deg ikkje på dei høge fjell
du vil ramle ned a-likevel

Ute på det ytste nakne skjær
Vil ein Oslomann nok svelt' i hel
Men der har vi skipsverft og fabrikk
tener meir enn nok til mat og drikk

Ej e arbeidsom og veldig kjekk
og heller ikkje kan Ej blåse vekk
Sjølv om mange vil mej trakke på
like traust og rank Ej der vil stå!

Ned i Oslo står ein hoggen stein
Monolitten står så høg og bein
Mange folk har stått der som modell
men den øvste e nok Møring lell!




PER SJUSPRING

Sanglek



Har du sett Per Sjuspring danse? Har du sett Per Sjuspring danse?



Tror du ei han danse kan? Han danser som en adelsmann! Det var *én*.

:/:Har du sett Per Sjuspring danse?:/:
Tror du ei han danse kan?
Han danser som en adelsmann!
Det var *én*, det var *to*.

:/:Har du sett Per Sjuspring danse?:/:
Tror du ei han danse kan?
Han danser som en adelsmann!
Det var *én*, det var *to*, det var *tre*.

:/:Har du sett Per Sjuspring danse?:/:
Tror du ei han danse kan?
Han danser som en adelsmann!
Det var *én*, det var *to*, det var *tre*, det var *fire*.

:/:Har du sett Per Sjuspring danse?:/:
Tror du ei han danse kan?
Han danser som en adelsmann!
Det var *én*, det var *to*, det var *tre*,
det var *fire*, det var *fem*.

:/:Har du sett Per Sjuspring danse?:/:
Tror du ei han danse kan?
Han danser som en adelsmann!
Det var *én*, det var *to*, det var *tre*,
det var *fire*, det var *fem*, det var *seks*.

:/:Har du sett Per Sjuspring danse?:/
Tror du ei han danse kan?
Han danser som en adelsmann!
Det var én, det var to, det var tre,
det var fire, det var fem, det var seks,
det var *sju*.



Alle danser i ring. Ved «Tror du ei», slipper vi håndtaket, og peker fire ganger til den ene siden, og så fire ganger til den andre siden.

*Ved «Det var én» setter vi det ene beinet litt fram,
ved «Det var to» setter vi det andre beinet litt fram,
ved «Det var tre» setter vi det ene kneet i gulvet,
ved «Det var fire» setter vi det andre kneet i gulvet,
ved «Det var fem» setter vi den ene albuen i gulvet,
ved «Det var seks» setter vi den andre albuen i gulvet,
ved «Det var sju» legger vi pannen i gulvet.*

Kveldssong for deg og meg

Tekst: Ragnar Hovland

Melodi: Odd Nordstoga

G D Am

Gri - sen står og hy - ler i den stil - le kveld.
Fir' - og tju - e krå - ker sit på ein mad - rass.

G C F D7

Han skal ik - kje slak - tast men hy - ler li - ke - vel.
En - då ei vil sit - je men der er ik - kje plass.

D7 G Am G/H C G Am G/H C

Må - nen står og ly - ser, rund og feit og kvit. Re - ven kjem frå

G Am C D7 Em C C/D

sko , - gen og lus - kar hit og dit.

Fiskane i havet
søv og drøymer søtt.
Nøkken nedi tjernet
har eg aldri møtt.

Mens grisen står og hyler
og månen lyser kvit
sit du og eg på taket
og ler og pratar skit.

Mor og far har lagt seg.
Eg er vaken, eg.
No klatrar eg ut glaset,
så spring eg bort til deg.

OM KVELDEN

Tekst: Arnulf Øverland Folketone fra Nordfjord © Tekst: Musikk-Husets Forlag A/S, Oslo. Trykt med tillatelse

Om kvelden når det mørkner og alle går til ro, da
stenger jeg for stall og for låve. Og spurvene de
netter seg i hver sitt lille bo, da går vel også
du til din kove. Men siden vet jeg ikke å få
tiden til å gå for i de lange netter da
lenges jeg så. Da har jeg ikke sinne til å sove.

Nu står du foran speilet og kjemmer ditt hår,
så sort og alvorlig er ditt øye.
Da banker vel ditt hjerte, men hvorfor det slår,
det vet du ennu ikke så nøye,
for ennu har vel ingen fått komme deg nær.
Men over stolen henger dine fattige klær,
ditt skjørt og dine strømper og din trøye.

Det mørkner over veien og høsten stunder til,
og tåken den tetner over enge.
På stiene i skogen har mangel en gått vill,
og stjernene de stiger så strenge.
Men kan du ikke komme i aften lille venn,
så send et bud og si meg, når kommer du igjen?
Jeg har ikke sett deg på så lenge.

82. Blåmann, Blåmann.

Anne Håvie.

Moderato.



1. Blå - mann, Blå - mann, buk - ken min,
tenk på ves - le gu - ten din. Bjør - nen med sin
lod - ne fell kan deg ta - ka seint i kveld.

2. Gamle «Lykle», moder di, seint kom heim med bjølla si.
Så ikring seg ho mund' sjå, liksom der var fare på.
3. Det såg ut som der var naud, kanskje no du ligger daud.
Tidt du dansa kringom meg, mangt eg rødde då med deg.
4. Når eg låg som blind og dauv, grov du på meg med di
[klauv;
ja, du ville vekkja meg opp til leiken din med deg.
5. Du var sprek og glad og god, all mi ros du vel forstod.
Tidt du veit eg sa til deg: «Han veit meir enn mata seg.»
6. Blåmann, Blåmann, svar meg no, mekra med ditt
[kjende ljod.
Ikkje enno, Blåmann min, må du døy frå guten din.

A. O. Vinje.

583. (594) Gamle grendi.

Tone: A 132.

Tidt eg minnest ein gamal gard
med store tre og runnar,
vollar, bakkar og berg og skard
og blomster på grøne grunnar.
Der eg hadde meg så godt eit rom:
hus og mark med både bær og blom,
alt eg nøytt som ein eigedom
med både lut og lunnar.
Der var dalar og lier nog,
der lur og bjøllor klungo;
der var ruster og fager skog,
der tusen fuglar sungo.

Aasen

Tett med stova stod ei bjørk så brei,
der hadde skjorene sitt gamle reid,
staren song i kvar ein topp som beid,
og erlor i tunet sprungo.
Heime var eg så vida kjend
og slapp inn kvar eg ville
i kvart hus i den heile grend,
om endå folket kvilde.
Der var kjenningar i kvar ei krå.
Og når eg ukjende folk fekk sjå,
spurde eg radt kvar dei var ifrå,
og dei var like milde.
Var det nokon som der leid vondt
og vart føre tap og spilla,
brått det spurdest om bygdi rundt,
og alle tykte det var illa.
Ofte minnest eg mi gamle grend,
når eg framand uti verdi stend,
heimlaus, frendelaus og lite kjend,
og likar på leiken illa.

582. (593) Dei gamle fjelli.

Tone: A 134.

Dei gamle fjell i syningom / er alltid eins å sjå
med same gamle bryningom / og same toppom på.
I bygdom byggja sveinane, / og huset stender laust;
men dei gamle merkesteinane, / dei standa like
traust.

På fjellom er det leikande / å ganga til og frå
og kring om toppen reikande / så vidt om land å sjå,
til havet kring om strendene / med skip som
fuglar små,
og til fjelli kring om grendene / med tusen bak-
kar blå.


Der er så mange hendingar / i bygdom komne til,
me sjå så mange vendingar / alt på eit lite bil.
Dei hava snutt om vollane / og flutt og rudt og
bygt;

men dei gode, gamle kollane, / dei standa like trygt.
Så stod dei gjennom tidene / vel mange tusen år,
og graset voks om liene, / og lauvet kom kvar vår;
og vinden tok om toppane, / og vatnet tok om fot;
men dei gilde, gamle kroppane, / dei toko traust
imot.

Av hav kom sjømann sigande / og lengta etter land,
då såg han fjelli stigande / og kjendest ved si strand.
Då kom det mot i gutane, / som såg sin fødestad;
ja dei gode gamle nutane, / dei gjera hugen glad.

KVELDSANG FOR BLAKKEN


TEKST: NORDAHL ROLFSEN MELODI: EDV. GRIEG



Fo-la, fo - la Blak-ken! Nå er Blak-ken god og trett.



Blak-ken skal bli god og mett. Å fo-la, fo-la Blak - ken!



Uff, den lei - e bak - ken og den lan - ge, styg-ge heil



Den var rik-tig dryg for deg, du gam-le, gam-le Blak-ken.

Far, han kastet frakken. Blakken kan ei kaste sin,
svetter i det gamle skinn, den snille, snille Blakken.
Snart skal Blakken sove! Ikke mere slit i dag,
ikke mere selegnag, og ikke mere tråvel!

Fola, fola Blakken! Går du inn i stallen din,
kommer vesle gutten inn og klapper deg på nakken.
Ser du gutten smile? Hører du det bud han har?
Han skal hilse deg fra far: i morgen skal du hvile.

Etter 3. vers:



Drøm om det, du Blak-ken. Ba-re e - te, ba-re stå,



kan-skje rundt på tu-net gå med ves-le-gutt på nak-ken.